



Forkortingar:




LLS= løft, løft, strikk: (Fell på høgre side)

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.


S2S: Strikk 2 rett saman (Fell på venstre side) Maskane legg seg til høgre.

Cluster: Løft 2m til høgre pinne med garnet framfor, sett m tilbake til venstre pinne. Løft 2m til høgre pinne med garnet framfor igjen. = 2 løkker rundt 2 m.

Diagram:



Borga Lestar



Størrelse:

Dame

Garneksempel:

HS BFL Silky Sport

Garnmengde:

Ca. 70 g i str. 39

Pinneforslag:

Ca. 2,5 – 3 mm

Strikkefastheit:

24 m pr 10 cm

Desse lestane er strikka frå tåa og opp. Glattstrikka tå og hæl, strukturmønster oppå foten og på skaftet. Avslutta med ei fin clusterblonde og taggekant. Lestane er kalla opp etter den gamle skulen min «Borga»

Pinne 1 er under foten, og pinne 2 er over foten om du bruker magic loop.

Forkortingar:

LLS = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

SFB = Strikk i framre og bakre maskeboge på same maske = 1 maske auka.

RS = Rettsida

VS = Vrangside

Tå:

Legg opp 8 m på kvar pinne med Judy's magic cast on, totalt 16 m.

Strikk ein omgang rett.

No skal du begynne å auke til tåa:

- Omg. 1: *SFB, strikk rett til 2 masker står igjen på pinne 1, SFB, 1 rett* Gjenta *-* på pinne 2.
- Omg. 2: Strikk alle maskane rett.

Fortsett å strikke omg. 1 og omg. 2 til du har 26 m på kvar pinne. Totalt 52 m. Avslutt med omg. 2.

Fot:

Når tåa er ferdig startar du å strikke strukturmønster. Glattstrikk under foten på pinne 1, mønster oppå foten på pinne 2. Strikk til foten har ønska lengde før hælfelling. Sjå tabell. Tabellen viser heil lengde av foten. Hælen måler ca. 8 cm.

Strukturmønster:

- Omg. 1 *2 rett, løft 1 m av som om den skulle strikkast vrang med tråden på vranga* Gjenta *-* omg ut
- Omg. 2 Rett

Hælkile:

No skal du auke til hælkilen på undersida av foten (pinne 1), slik:

- Omg. 1, pinne 1: SFB, strikk rett til står att 2 masker, SFB, 1 rett.
- Omg. 1, pinne 2: Mønster etter diagram.
- Omg. 2, pinne 1: Rett
- Omg. 2, pinne 2: Mønster etter diagram.

Gjenta desse to omgangane til du har 44 masker på pinne 1.

	EUR	CM
	52	34.0
	51	33.4
	50	32.7
	49	32.1
	48	31.4
	47	30.8
	46	30.1
	45	29.5
	44	28.8
	43	28.1
	42	27.5
	41	26.8
	40	26.2
	39	25.5
	38	24.8
	37	24.2
	36	23.5
	35	22.9

Hæl:

No skal du forme hælen og berre strikke på pinne 1. Hælen er glattstrikka.

Du skal felle inn igjen dei maskane du auka til hælkilen:

- Omg. 1 RS: Strikk 26 r, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 2 VS: Ta ein maske laust av, 9 vr, 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.
- Omg. 3 RS: Ta ein maske laust av, strikk rett til en maske før hol, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 4 VS: Ta ein maske laust av, strikk vrangt til en maske før hol, strikk 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.

Gjenta omg. 3 og 4 til alle sidemaskane er strikka og du igjen har 26 masker på pinne 1. Snu og strikk rett tilbake.

Skaft:

No skal du begynne å strikke rundt igjen. Plukk opp ein maske i kvar side mellom pinne 1 og 2 og strikk vridd rett = 54 m. Fortsett med å strikke strukturstrikk heile vegen rundt til skaftet måler 5 cm. På siste omg. auk 1 m i kvar side = 56 m.

Estisk flette:

Strikk 1 estisk flette slik:

Start med å legge opp ein ny m før den første m.

*Strikk i bakre boge på den 2. m, strikk den 1 m. Sett den første m på høgre pinne tilbake på venstre pinne *. Gjenta *-* til siste m på pinne. Strikk siste m rett, og dra den nest siste m over.

Sjå video her:

<https://www.garnstudio.com/video.php?id=279&lang=no>

Clusterblonde:

Gå gjerne opp eit halvt pinnenr. før du stikker blonda. Prøv lesten på slik at du er sikker på at blonda ikkje blir for stram.

Strikk mønster etter diagrammet på siste side. Gjenta diagrammet 1 gong til i breidda, slik at mønsteret vert strikka rundt heile skaftet. I overgangen mellom starten og slutten på omg. må du overlappe mønsteret. F. eks. om du skal starte med 2 rett saman, må du kanskje flytte siste m over til starten på omg.

Strikk 1 estisk flette til.

Taggekant:

Strikk 4 omg. glattstrikk. Strikk 1 omg. 1 kast, 2 rett saman. Strikk 4 omg. glattstrikk.

Brett ned taggekanten og hekle fast samstundes som du feller av. Om du feller av og syr ned vert det lettare ein stram kant, derfor er det betre å hekle.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk, og #borgalestar om du vil. Lykke til!

Elisabeth

www.hettestrikk.no